



Bø, 22.05.2020

Vestfold og Telemark fylkeskommune
Kultur
Prosjektgruppa for arkiv og museum

Arkiv i Vestfold og Telemark – innspel frå Folkemusikkarkivet

Eg viser til tilsendt invitasjon 12.05.20 til å sende skriftleg innspel til utgreiingane om arkiv og museum i den nye fylkeskommunen. Som det blir nemnd i brevet, så var Folkemusikkarkivet i Telemark ikkje invitert til innspelsmøtet 5. mars. Synd – Bø hotell er næraste nabo og eg hadde gjerne deltatt om eg hadde visst om møtet. Kanskje også litt paradoksalt at folkemusikkarkivet blei utegløynd, ettersom det faktisk er fylkeskommunens eiga verksemd. Men eg har lese dei tilsendte dokumenta som oppsummerer møtet, og bidrar gjerne med mine synspunkt vidare i prosessen.

Mine innspel her gjeld arkivsida, og spesielt det som har med folkemusikkarkivet å gjera. Dette arkivet skil seg noko frå dei fleste lokalhistoriske arkiv og liknande arkivdepot. Mens dei tar vare på materiale frå andre arkivskaparar, t.d. organisasjonar og bedrifter, så er folkemusikkarkivet eit tradisjonsarkiv som driv aktivt innsamlingsarbeid og sjølv skapar ein vesentleg del det materialet som finst i samlinga. Det vil nok vera både likskapar og forskjellar i ønske og behov for oss samanlikna med andre arkivverksemder.

Eg registrerer at ein del av kommentarane frå møtet handlar om ressursar – ikkje uventa. Men påfallande mange handlar også om organisering. Arkiv- og museumslandskapet er ulikt i dei to tidlegare fylka, men begge har arkiv lagt inn under museum, trass i at dette er to ulike fagfelt. I Vestfold er fylkesarkivet ein del av Vestfoldmuseene, saman med ni museum. Telemark har ikkje eit fylkesarkiv, men har vald å leggje arbeidet med privatarkiv til dei tre konsoliderte musea. Eg meiner fylkessamanslåinga kan vera eit passende høve til å vurdere desse modellane. Fleire andre fylke har fylkesarkiv som sjølvstendige verksemder. Kontakt og samarbeid med museumssektoren kan uansett bli ivaretatt.

Ei stor utfordring når det gjeld forvaltning av lokalhistorisk materiale er balansen mellom nærleiken til kjelder/informantar og brukarar på den eine sida, og omsynet til rasjonell og profesjonell drift på den andre. Denne utfordringa trur eg folkemusikkarkiva deler med dei lokalhistoriske arkiva. Slike arkiv bør liggje i det området der det materialet dei forvaltar, er skapt, og vera nær dei brukarane som har eit eigarforhold til materialet. Samtidig må drifta ha tilstrekkeleg profesjonalitet og den/dei tilsette må ha stillingar av ein viss storleik – minimum 50%, etter mitt syn. Dei tilsette bør kunne ta del i eit fagmiljø som gir høve til utvikling. Kanskje kunne løysinga vera eit fylkesarkiv med felles, arkivfagleg overbygging og leiing, men med desentraliserte avdelingar for dei ulike delane av fylket. Det ville kunne gje fortsatt

nærleik mellom musea og det lokalhistoriske materialet, slik musea ønsker, samtidig som arkiva blir knytte saman og får arkivfagleg leiing.

Med ein slik modell kunne evt. også folkemusikkarkivet inngå i eit framtidig fylkesarkiv. Då fylkeskommunen etablerte folkemusikkarkivet (vedtak hausten 1998), blei drifta lagt til Telemark musikkråd (nå Telemark kulturnettverk), fordi arkivet hadde starta opp som prosjekt i deira regi. Dette har fungert greitt, men treng ikkje vera ein evigvarande modell. Samanslåinga av dei to fylka er eit tidsskilje på fleire vis, og kan vera eit naturleg høve til å vurdere driftsmodellen for folkemusikkarkivet også.

Men ein kan også sjå for seg andre løysingar for folkemusikkarkivet enn det nemnde. Eitt alternativ er sjølvstøtt å halde på dagens organisering. Etter mitt syn, er ein av fordelane ved dagens modell, at folkemusikkarkivet blir knytt til det musikkfaglege feltet. Det gir signal om at tradisjonsmusikken er ei levande musikkform og ein del av det aktive musikklivet – slik det faktisk er i Telemark. Telemark kulturnettverk er for tida i samtaler med Vestfold kulturnettverk om samanslåing, slik at fylkeskommunen i framtida truleg vil kunne forholde seg til *ein* organisasjon for heile regionen. Eit anna alternativ kunne vera å leggje folkemusikkarkivet direkte under fylkeskommunen, slik dei gjer det i Agder. Det finst folkemusikkarkiv mange stader i landet, men inga felles organisering, fordi dei har oppstått til ulike tider og med ulike initiativtakarar. Agder er aleine om sin modell – det har også Telemark vore om sin.

Uansett korleis ein løyser organiseringa, så meiner eg at ein må sjå på kva ein skal gjera med folkemusikkarkivtenester i Vestfold-delen av det nye fylket. Vestfold er i dag eitt av få område i landet som ikkje er dekt opp av eit regionalt folkemusikkarkiv. Det er naturleg å tenke at fylkeskommunen skal ha dei same tenestene til heile fylket. Det bør gjelde også på folkemusikkområdet – sjølv om Telemark er kjent for å ha dyrka desse tradisjonane i ein annan grad enn Vestfold. Med bakgrunn i det som er nemnd før, meiner eg at det bør på plass eit folkemusikkarkiv i Vestfold, der ein kan ha kompetanse på tradisjonen i distriktet og vera nær interesserte brukarar i dette området. Det finst ein del innsamla materiale ved Vestfoldarkivet, men det trengst ein stillingsressurs som har ansvar for vidare innsamling og formidling. Dersom ein går for å etablere eit nytt fylkesarkiv som også skal omfatte privatarkiv, vil det vera mogeleg å få to folkemusikkarkiv inn under denne verksemda – eitt i Telemark og eitt i Vestfold. Til samanlikning var det heile fire folkemusikkarkiv i Oppland fylke, og det er enda fleire i nåverande Innlandet. Dette handlar nemleg ikkje bare om geografiske avstander, men om tradisjonsområde. Eit folkemusikkarkiv som skal dekke Vestfold, får legitimitet og truverd dersom det ligg i Vestfold og blir leia av ein tilsett med kompetanse på tradisjonen der, som skil seg frå Telemarks-tradisjonen.

Eg stiller meg gjerne disponibel i den vidare prosessen med arkivutgreiinga, dersom det skulle vera behov for det. Med eitt bein i fylkeskommunen og eitt i Telemark kulturnettverk har eg kanskje ei litt spesiell mellomstilling, men om eg kan bidra med noko, er det bare å ta kontakt.

Venleg helsing

Kari Lønnestad
Folkemusikkarkivet i Telemark